

Idedugnad framfor valet

23.05.2011



Gunn Mari Moberg blir innvald for Høgre

Det nærmar seg valet og det er viktig at også Uskedalen Utvikling er på hugget med førebuingane. Difor inviterrast det no til møte i Dialogforumet i Gamleskulen torsdag 16. juni.

Der vil politikarar delta saman med bygdefolket og meininga er at dei saman skal få til ein idedugnad der det blir sett fokus på viktige saker for bygda.

I september vil så UU halda valmøte. Difor vil møtet no vera ein viktig del av førebuingane til dette.

Ved å trykke på 'Det skjer i Uskedalen' til venstre på første sida her vil du få opp annonse for møtet. der blir det lista opp nokre stikkord om dei tema som kan vera særleg aktuelle.

Det er til dømes næringsutvikling, trafikksikring, stadanalyse og sentrumsutvikling, skule og oppvekst og frivillig arbeid og lagsdrift. Med andre ord er det ikkje nokon mangel på viktige saker og fleire dukkar kanskje opp før valet.

Nominasjonsprosessen har hatt eit positivt utfall for Uskedalen med eit solid knippe kandidatar på framskoten plass. Minst 3 og kanskje 5 av dei kan håpa på å bli valde. Det er 4 uskedelingar i det sittande kommunestyre.

Det ligg med andre ord an til at bygda får ei stor gruppe av talspersonar i neste periode og det er viktig å 'skolera' dei så godt som mogeleg på førehand. Difor er møtet den 16. juni svært viktig.

Av Ola Matti Mathisen.